

Digital kampanje for påverknad av ungdom

Kom med forslag til korleis ein kan lage ein digital kampanje på TikTok, Snapchat eller Instagram for å få ungdom til å bli påverka til å meine noko, starte med noko eller kjøpe noko.

1. Finne ut noko de trur det ville vere mogleg å påverke veldig mange unge til. Noko de skal få flest mogleg til å begynne å snakke om, eller få dei til å stemme på, eller begynne å kjøpe eller bruke. De må kome på noko heilt konkret og skrive opp dette.
2. Så må de tenke kven som bør vere den første som legg ut innhald om dette. Skal det vere ein influensar, ein vanleg ungdom frå området her, fleire samtidig eller ein konto som verkar anonym.
3. De må også finne ut kva innhald som vil fungere best. Skal de bruke humor, provosere, utfordre, bruke personlege erfaringar eller finne noko mange kan kjenne seg igjen i?
4. De må også tenke på kva som aktiverer algoritmar. Innhaldet må få folk til å stoppe opp og sjå lenge på det. Og helst også trykke på noko, kommentere, dele eller sjølv lage liknande innhald. Da gjer algoritmane mykje av jobben for oss etterpå.
5. Tenk på korleis dette etter kvart skal opplevast som vanleg. Noko «alle gjer», «alle meiner» eller «alle brukar». Dette har plutselig blitt heilt normalt – fordi denne kampanjen har fungert.